



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	979 918 224
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	SYKKYLVEN ENERGI AS
Forretningsadresse:	Haugsetvegen 33 6230 SYKKYLVEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2021 - 31.12.2021
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Per Arne Edvardsen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.06.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 25.07.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		46 643 250	66 936 726
Annen driftsinntekt		12 846 375	11 256 438
Sum inntekter		59 489 625	78 193 164
Kostnader			
Varekostnad		1 681 225	13 467 563
Lønnskostnad	3	5 767 331	13 145 934
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	1	9 305 479	14 347 455
Annen driftskostnad	3	29 254 573	30 854 282
Sum kostnader		46 008 609	71 815 234
Driftsresultat		13 481 017	6 377 930
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		94 880	66 267
Annen finansinntekt		67 776	751 671
Sum finansinntekter		162 656	817 938
Rentekostnad til føretak i same konsern		1 506 255	
Annan rentekostnad		162 805	2 612 385
Annen finanskostnad		94 284	199 781
Sum finanskostnader		1 763 344	2 812 166
Netto finans		-1 600 688	-1 994 228
Ordinært resultat før skattekostnad		11 880 328	4 383 701
Skattekostnad på ordinært resultat	2	2 505 289	991 161
Ordinært resultat etter skattekostnad		9 375 040	3 392 540
Årsresultat		9 375 040	3 392 540
Årsresultat etter minoritetsinteresser		9 375 040	3 392 540
Totalresultat		9 375 040	3 392 540



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Overføringer og disponeringar			
Ordinært utbytte			6 500 000
Konsernbidrag		4 001 400	
Avsatt til annen egenkapital		5 373 640	-3 107 460
Sum overføringer og disponeringar		9 375 040	3 392 540



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	2	372 044	5 218 454
Sum immaterielle egedelar		372 044	5 218 454
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	1	222 005 161	285 827 012
Maskiner og anlegg	1		
Skip og flytende installasjoner	1		
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	1	1 086 945	6 094 602
Sum varige driftsmiddel	1	223 092 106	291 921 614
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap		1 327 002	1 327 002
Investeringer i aksjer og andeler		124 550	355 703
Obligasjoner og andre fordringer		421 765	1 131 824
Sum finansielle anleggsmiddel		1 873 317	2 814 529
Sum anleggsmiddel		225 337 466	299 954 596
Omløpsmiddel			
Varer			
Sum varer		1 278 812	2 692 313
Krav			
Kundefordringer		9 051 602	19 612 997
Andre kortsiktige fordringer		1 108 339	779 314
Krav på innbetaling av selskapskapital			693 778
Sum krav		10 159 942	21 086 089
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		870 590	1 326 901
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		870 590	1 326 901
Sum omløpsmiddel		12 309 344	25 105 302



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
SUM EIGEDLAR		237 646 810	325 059 898
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital		16 759 842	19 800 000
Overkurs		39 813 779	47 035 853
Sum innskoten eigenkapital		56 573 621	66 835 853
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		33 629 463	60 248 974
Sum opptent eigenkapital		33 629 463	60 248 974
Sum eigenkapital		90 203 085	127 084 827
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter		1 007 813	3 174 220
Utsett skatt	2		
Sum avsetjingar for plikter		1 007 813	3 174 220
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar			129 632 000
Øvrig langsiktig gjeld		101 526 620	
Sum anna langsiktig gjeld		101 526 620	129 632 000
Sum langsiktig gjeld		102 534 433	132 806 220
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner		7 646 317	11 241 091
Leverandørgjeld		11 074 479	10 667 846
Betalbar skatt	2	913 696	1 022 581
Skattetrekk og andre trekk		504 741	7 495 199
Utbytte			6 500 000
Fond meir/mindreinntekt		1 281 967	9 503 749
Annen kortsiktig gjeld		23 488 092	18 738 385



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Sum kortsiktig gjeld		44 909 292	65 168 851
Sum gjeld		147 443 725	197 975 071
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		237 646 810	325 059 898



Styret si melding:

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. SE er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i Sykkylven kommune.

Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven og selskapet er 100 % eigd av Sykkylven Energi Holding AS.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2021 hatt desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nestleiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Per Magne Drotninghaug (frå dei tilsette i Sykkylven Energi) og Arvid Skinnes (frå dei tilsette i Straumen Nett).

Styret har avhalde 6 styremøte i 2021 og 37 protokollerte saker er handsama.

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styrets medlemmer eller administrerande direktør.

Organisering:

Frå 1. januar 2021 var det krav til selskapsmessig skilje mellom EL-distribusjon (nettverksemda) og anna verksemd. For å tilpasse seg dei lovpålagte krava blei Sykkylven Energi konsernet etablert. Sykkylven Energi Holding AS blei stifta i mars 2020 og Straumen Nett AS blei stifta i juli 2020. Begge selskap var utan drift og utan tilsette i oppstartsåret. Hausten 2020 vart det vedteke å fisjonere nettverksemda frå Sykkylven Energi AS til Straumen Nett AS. Rekneskaps- og skattemessig gjeld omorganiseringa frå 01.01.2021. Frå same dato blei dei tilsette overført til Sykkylven Energi Holding AS og Straumen Nett AS.

Sykkylven Energi konsernet (SE konsern) består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS (SE Holding), og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS (SE) og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Frå 01.01.2021 blei dei tilsette overført frå Sykkylven Energi AS til Sykkylven Energi Holding AS og Straumen Nett AS.

Økonomi:

Samla driftsinntekter for SE i 2021 var kr 59.489.625 (78.193.164) medan samla driftskostnader var kr 46.008.609 (71.815.234). Driftsresultatet vart kr 13.481.016 (6.377.930).

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er normalt den viktigaste bidragsytaren til SE sitt resultat. Vi har i 1. halvår hatt lågare tilsig enn normalt i magasinane og vi produserte til saman 46,13 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Dette er ein nedgang i forhold til 2020 då produksjonen var på 55,5 GWh. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2021 på 45,75 øre kWh, noko som er 39,4 % høgare enn gjennomsnittsprisen for perioden 2018-2020 (30,1 øre kWh). Styret forventar eit godt resultatnivå framover, men resultatet vil vere sterkt avhengig av kraftprisane i marknaden.

Årsresultat før skatt viser kr 11.880.327 (4.383.701) og resultat etter skatt kr 9.375.038 (3.392.540).

Investeringar i 2021 utgjorde 28,9 mill. kr. Investeringane er fordelt med 17,7 mill. kr. til VAR-anlegg, 0,5 mill. kr. til kraftproduksjon og 9,2 mill. kr. til fiberprosjekt. Investeringar elles gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatelys. Selskapet forventar ein reduksjon i investeringar i 2022 og dei følgjande åra.



SE har ei tilfredsstillende finansiering. Selskapet sin egenkapitalprosent er ved årsskiftet 38,0 % (39,1 %). Med ein total kapital på kr 237.646.809 (325.059.898) og ein egenkapital på kr 90.203.084 (127.084.828) vurderer styret SE si finansielle stilling etter konsernbidrag som tilfredsstillende.

Finansiell risiko:

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. SE sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE kan nytte finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. SE har i 2021 hatt aktive sikringskontraktar og det er realisert et tap på sikringar på kr 5.390.000. Det er ikkje inngått sikringskontraktar for 2022. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet er i Euro. SE har i 2021 hatt ein gevinst på valutakontraktar på kr 60.000. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

Pensjonsmidlane selskapet har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom forvaltning i Kommunal Landspensjonskasse, KLP.

Renterisiko påverkar Sykkylven Energi gjennom rentebereking av sjølvkostområda og renteberande gjeld, renteendringar vil for sjølvkostområda utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader. For konkurranseutsett verksemd som kraftproduksjon og fiber vil auke i renta gi auke i finanskostnadar og redusert resultat.

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Sykkylven Energi har liten risiko for tap på fordringar, då legalpant kan nyttast i innfordringa av eigeomsgebyr.

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at selskapet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i eignelutar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. SE har ei tilfredsstillende finansiering og SE sin likviditetsrisiko per 31.12.21 er låg. Selskapet har evne til å finansiere drift og investeringar gjennom tilgang på likviditet frå innbetalt eigeomsgebyr, kraftsal og utleige av fibernet, i tillegg har selskapet sikra naudsynt likviditet ved at dei inngår i Sykkylven Energi Holding si avtale om langsiktig konsernfinansiering. Her har selskapet også tilgang på tilgjengelege trekkrettigheter som sikrar svingingar i kortsiktig likviditetsbehov.

Vatn, avløp og renovasjon:

Dei lovpålagte oppgåvene SE utfører på vegne av Sykkylven kommune skal utførast til sjølvkost. Sjølvkost vil seie at abonnentane skal betale meirkostnaden ved å produsere ei teneste. Selskapet skal gå i økonomisk balanse på sjølvkosttenestene. Sjølvkostresultatet blir overført til sjølvkostfond.

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 29.026.274, medan driftskostnadane var kr 29.801.148. Dei akkumulerte sjølvkostfonda var pr. 31.12.2021 på kr 1.281.967. For vatn vart fondet redusert med kr 1.149.934 til kr 703.572, for avløp vart fondet redusert med kr 784.472 til kr -1.561.116 (negativt fond). For renovasjon vart fondet redusert med kr 259.384 slik at samla positivt fond innan dette området pr. 31.12.2021 er kr 2.139.510. Samla reduksjon i sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 2.193.790 i 2021.

ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet, samt drifta av miljøstasjonane.



Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar.

Produksjon i egne kraftstasjonar:

Riksheim kraftstasjon	24,7	GWh
Riksheimdal kraftstasjon	17,7	GWh
<u>Ramstaddal kraftstasjon</u>	<u>3,7</u>	<u>GWh</u>
<u>Sum eigenproduksjon</u>	<u>46,1</u>	<u>GWh</u>

Spotinntekta frå 46,1 GWh var 21,1 mill. kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 45,75 øre/ kWh eks mva. Utover dette har SE hatt ekstraintekter frå sal av opprinnelsesgarantiar på 168.518 kr. Det har vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2021 og selskapet har realisert eit tap på kr 5.390.000.

Fiber:

SE leverer fiber i Sykkylven kommune, og har ein samarbeidsavtale med NextGenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar. Næringslivskundar i Sykkylven kan fritt velje leverandør av breibands- og IKT-tenester gjennom SE sitt fibernet.

Arbeidsmiljø og likestilling:

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 9 tilsette (menn) som utførte 8,5 årsverk. Selskapet har ikkje lærlingar.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsettast i alle stillingar ved SE, og under elles like føresetnader vert kjønnsbalanse prioritert ved tilsetting. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE har felles verneombud med Straumen Nett. SE er medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Sjukefråværet var i 2021 på 9,0 %. Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje registrert yrkesskadar eller arbeidsulykker i 2021.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE sine pensjonsforpliktingar er aktuarberekna til kr 1.007.813. Beløpet er rekneskapsført. Ikkje rekneskapsførde delen av forpliktingane (aktuarielt tap inkl. arbeidsgivaravgift) utgjør kr 2.168.370.

SE er medlem i «Samfunnsbedriftene» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

Diskriminering

Selskapet godtek inga form for diskriminering. Det omhandlar lik behandling for alle, uavhengig av etnisitet, nasjonalitet, kjønn, hudfarge, religion og livssyn. Personalpolitikken skal vere tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd.

Forskning og utvikling

Selskapet har ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi.

**Ytre miljø:**

SE er underlagt ulike myndigheter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsleppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon som skjer i regi av SE må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. Eit døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der røygata er sprengt ned i fjell.

SE drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

Generelt:

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2021 er sett opp under denne føresetnaden.




Disponering av årsresultat


Styret foreslår følgende disponering av overskotet etter skatt på kr 9.375.038 for 2021:


- kr 4 001 400 vert avsett som konsernbidrag
- kr 5 373 638 vert tilført annan egenkapital

Styret for Sykkylven Energi AS, 28. april 2022



Steinar Johan Bakke
Styreleiar


Kristin Grebstad
Nestleiar


Jarle Strømmegjerde
Styremedlem


Odd Arne Krüger
Styremedlem


Renate Karlsen
Styremedlem


Per Magne Drotninghaug
Styremedlem


Arvid Skinnès
Styremedlem


Per Arne Edvardsen
Adm.dir



Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

Revisor Klokk AS
Postboks 197
6239 Sykkylven

www.revisorklokk.no
Telefon: 70 25 48 10
Epost: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlinga i
Sykkylven Energi AS
6230 Sykkylven

MELDING FRÅ UAVHENIG REVISOR FOR 2021

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert **Sykkylven Energi AS** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 9.375.038. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvísande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar introduksjon av selskapet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.



Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Førsetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Sykkylven, 28. april 2021

Revisor Klokk AS

Tormod Klokk

statsautorisert revisor



Resultatregneskap Sykkylven Energi AS

	Note	2021	2020
Driftsinntekter og driftskostnader			
Salsinntekter	1	46 643 250	66 936 726
Anna driftsinntekt		12 846 375	11 256 438
Sum driftsinntekter	2	59 489 625	78 193 164
Varekostnader		1 681 225	13 467 563
Lønskostnader m.m.	3,4	5 767 332	13 145 934
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	5	9 305 479	14 347 455
Annan driftskostnad		29 254 573	30 854 282
Sum driftskostnader	2	46 008 609	71 815 234
Driftsresultat	2	13 481 016	6 377 930
Inntekt på investering i annet foretak i same konsern			600 000
Renteinntekt fra foretak i samme konsern		46 510	
Anna renteinntekt		48 370	66 267
Anna finansinntekt		67 776	151 671
Rentekostnad til foretak i samme konsern	6	1 667 247	
Annan rentekostnad		1 813	2 612 385
Annan finanskostnad		94 284	199 781
Resultat av finansposter		(1 600 688)	(1 994 228)
Resultat før skattekostnad		11 880 327	4 383 701
Skattekostnad på ordinært resultat	7	2 505 289	991 161
Ordinært resultat		9 375 038	3 392 540
Årsoverskot		9 375 038	3 392 540
Overføringer			
Avsett til utbytte			6 500 000
Avsett til konsernbidrag		4 001 400	
Til/frå annan egenkapital		5 373 638	(3 107 460)
Sum overføringer		9 375 038	3 392 540




Balanse	Note	2 021	2 020
EIGEDLAR			
ANLEGGSMIDLAR			
Utsett skattefordel	7	372 044	5 218 454
Sum immaterielle egedelar		372 044	5 218 454
Tomter, bygg o.a. fast egedom	6	202 695 851	255 336 467
Transportmidlar, inventar og maskinar	6	1 086 945	21 511 602
Anlegg under arbeid		19 309 310	15 073 545
Sum varige driftsmidlar	5	223 092 106	291 921 614
Investeringar i dotterselskap	8	1 327 002	1 327 002
Investeringar i aksjer og andelar	9	124 550	355 703
Andre langsiktige krav		421 765	1 131 824
Sum finansielle anleggsmidlar		1 873 317	2 814 529
Sum anleggsmidlar		225 337 466	299 954 596
OMLAUPSMIDLAR			
Varelager		1 278 812	2 692 313
Kundefordringar	6,10	9 051 602	19 612 997
Andre fordringar	10,11	1 108 339	1 473 092
Sum fordringar		10 159 942	21 086 089
Bankinnskot, kontantar og liknande	12	870 590	1 326 901
Sum omlaupsmidlar		12 309 344	25 105 302
Sum egedelar		237 646 809	325 059 898




Balanse	Note	2 021	2 020
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Aksjekapital		16 759 842	19 800 000
Fond/overkurs		39 813 779	47 035 853
Annan egenkapital		33 629 463	60 248 974
Sum egenkapital	13	90 203 084	127 084 827
GJELD			
Pensjonsplikter	4	1 007 813	3 174 220
Utsett skatt		-	-
Sum avsetning for forpliktingar		1 007 813	3 174 220
Langsiktige lån til kredittinstitusjonar		0	129 632 000
Langsiktig gjeld konsern		101 526 620	-
Sum langsiktig gjeld	6	101 526 620	129 632 000
Gjeld til kredittinstitusjonar	12	7 646 317	11 241 091
Leverandørgjeld	10	11 074 479	10 667 846
Betalbar skatt	7	913 696	1 022 581
Skattetrekk, andre trekk og offentlege avgifter		504 741	7 495 199
Avsett utbyte		-	6 500 000
Konserngjeld		5 130 000	-
Fond	14	1 281 967	9 503 749
Anna kortsiktig gjeld	10	18 358 092	18 738 385
Sum kortsiktig gjeld		44 909 292	65 168 851
Sum gjeld		147 443 725	197 975 071
Sum egenkapital og gjeld		237 646 809	325 059 898


Styret for Sykkylven Energi AS, 28. april 2022



Steinar Johan Bakke
Styreleiar


Kristin Grebstad
Nestleiar


Per Arne Edvardson
Adm. Dir.


Per Magre Drotninghaug


Jarle Strømmegjerde


Odd Arne Krüger


Arvid Skinnnes


Renate Karlson



Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Fisjon

Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Hausten 2020 vart det vedteke å fisjonere nettverksemda frå Sykkylven Energi AS til Straumen Nett AS. Fisjonen blei gjennomført med rekneskapsmessig og skattemessig gjeldande frå 01.01.2021. Fisjonen blei gjennomført til kontinuitet. Frå same dato er tilsette overført til dei nye selskapa.

Etter fisjonen og omstruktureringa inngår selskapet i konsernregnskapet til Sykkylven Energi Holding AS. I konsernrekneskapen er posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine egedelar og gjeld. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Konsernregnskapet kan ein få utlevert på Sykkylven Energi Holding AS sitt hovudkontor, Haugsetvegen 33, 6230 Sykkylven.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonstidspunktet) Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre egedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast attende innan eitt år, er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til reell verdi når ein ventar at verdifallet ikkje er forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne etter planen. Langsiktige lån blir balanseført til nominelt motteke beløp på tidspunktet for etableringa. Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld blir ikkje skrive opp til reell verdi som følge av renteendring. Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen på balansedagen.

Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og blir gjort greie for nedanfor.

Aksjar i andre selskap.

Aksjar i andre selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir oppført til pålydande etter fråtrekk for avsetjing til forventta tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde fordringane. For andre kundefordringar blir det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje forventta tap.

Meir/mindreinntekt vatn, avløp og renovasjon

For å sikre at eigedomsgebyra vert meir stabile over tid vert årets meir/mindreinntekt i forhold til innkrevd gebyr, avsett til egne fond i balansen. Fonda vert handsama som fordring eller gjeld alt etter om dei er positive eller negative. Fonda vert renteberekna.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel for forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjonar

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga blir dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Selskapet si plikt er bokført.



Skattar

Skattekostnaden blir samanlikna med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta for året) og endring i netto utsett skatt/skattefordel. Utsett skatt utgjer 22 % av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessige verdjar. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer i same periode er utlikna. Skattekostnaden blir fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar etter skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Finansielle instrument

Finansielle derivatet vert i rekneskapen handsama i samsvar med intensjonen når ein inngår avtalane.

Sikring

Sykkylven Energi inngår finansielle kontraktar hovudsakleg for å prissikre deler av kraftproduksjonen mot svingingar i pris og valutakurs. Sykkylven Energi er utsett for valutarisiko fordi oppgjersvalutaen på kraftkontraktar er i Euro. For kontraktar klassifisert som sikring, resultatførast realiserte tap og gevinstar i leveringsperioden og saman med sikringsobjektet. Tap og gevinst er utrekna som differansen mellom kontraktspris og spotpris.

Trading

Fysiske og finansielle sals- og kjøpskontraktar som ikkje er meint å dekkje leveringsforpliktingane, vert rekneskapsført som trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen vert resultatført.

Kontraktar som opphavleg er inngått som trading, blir ikkje overført til sikringsporteføljen.

Anleggstilskot

Anleggstilskot til investeringar frå det offentlege og frå private går til fråtrekk på aktiverte verdjar. Anleggstilskotet blir dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivingar.



Note 1 Finansiell marknadrisiko

Marknadrisiko

Marknadrisiko er definert som risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar.

Resultatet for kraftproduksjonen vert påverka av tilsigstjasjonen og svingingar i kraftpris og valuta. Sykkylven Energi nyttar finansielle instrument (terminkontraktar) for å prissikre delar av inntektene frå kraftproduksjonen. Bakgrunn for dette er den store uvissa som knyt seg til kraftsalinntekter. Inntektene avheng av ein spotpris som kan svinge mykje. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle handelen og risikoeksponeringa. Sikringshorisont er 1 år. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Sykkylven Energi AS har i 2021 eit realisert tap på 5 390 000 kr på prissikringar. Det er ikkje inngått sikringskontrakter for 2022.

Sykkylven Energi er eksponert for valutarisiko fordi den nordiske kraftbørsen, Nordpool, nyttar Euro som oppgjersvaluta for kraftsalet. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle handelen og risikoeksponeringa. Sikringshorisont er 1-3 år. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Totalt vart det i 2021 resultatført ein gevinst på kr 60 000 knytt til valuta kontraktar. For 2022 er det inngått avtale om sal av 80 000 Euro til ein gjennomsnittskurs på 10,60 kr. Kontraktane fordelar seg over perioden januar og februar. For 2023 er det ikkje inngått avtale om sal av Euro.

Pensjonsmidlane vi har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom forvaltning i Kommunal Landspensjonskasse KLP.

Renterisiko påverkar Sykkylven Energi gjennom renteberekening av sjølvkostområda og renteberande gjeld. Renteendringar vil for sjølvkostområda utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader. For konkurranseutsett verksemd som kraftproduksjon og fiber vil auke i renta gi auke i finanskostnader og redusert resultat.

Kreditrisiko

Kreditrisiko er definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forplikingane sine. Sykkylven Energi har liten risiko for tap på fordringar, då legalpant kan nyttast i innfordringa av eigeomsgebyr.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at selskapet ikkje klarer å oppfylle forplikingane sine og/eller finansiere auke i eigedelar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Sykkylven Energi AS har sikra naudsynt likviditet ved at dei inngår i Sykkylven Energi Holding si avtale om konsernfinansiering. Her har selskapet også tilgang på tilgjengelege trekkrettigheter som sikrar svingingar i kortsiktig likviditetsbehov.



Note 2 Rekneskap fordelt på forretningsområde

	Sum	Produksjon	Vatn	Avløp	Renovasjon	Fiber	Øvrig
Sal av energi	15 422 295	15 422 295	-	-	-	-	-
Inntekt VAR	29 026 274	-	6 395 612	13 334 165	9 296 497	-	-
Til/frå fond	2 193 790	-	1 149 934	784 472	259 384	-	-
Andre driftsinntekter	12 847 268	-	5 221	5 221	10 571	9 994 743	2 831 509
Sum driftsinntekter	59 489 625	15 422 295	7 550 767	14 123 858	9 566 452	9 994 743	2 831 509
Transport av energi	1 296 374	1 296 374	-	-	-	-	-
Løns- og personalkostnad	5 767 330	612 709	683 601	3 234 244	56 454	770 099	410 222
Andre driftskostnader	26 136 997	2 363 290	4 205 389	6 051 169	9 400 098	2 122 998	1 994 053
Leigekostnader VAR	3 485 190	-	1 232 580	2 098 800	153 810	-	-
Avskrivningar	9 305 481	2 662 644	995 613	1 671 887	417	3 612 278	362 642
Tap på fordringar	17 237	-	17 087	-	-	-	150
Sum driftskostnader	46 008 609	6 935 016	7 134 271	13 056 100	9 610 778	6 505 376	2 767 068
Driftsresultat	13 481 016	8 487 279	416 496	1 067 759	44 326	3 489 367	64 442
Renter meir-/ mindre- inntekt (fondsmidler)			24 962	22 834	44 326		
Renter på VAR-investeringar			-	441 458	-		
Driftsresultat per område etter rentejustering	8 487 279	8 487 279	0	0	0	3 489 367	64 442



Note 3 Lønskostnader, tal tilsette, lån til tilsette og godtgjersle til revisor

Lønskostnader	2 021	2 020
Løn	5 636 518	14 661 414
Aktiverte timar egne investeringar	-2 314 788	-6 354 091
Arbeidsgjervaravgift	785 135	2 009 287
Pensjonskostnader inkl aga	1 460 183	2 315 713
Andre ytingar	200 284	513 610
Sum	5 767 332	13 145 934

Selskapet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 9 årsverk.

Tilsette knytt til nettverksemda er frå 01.01.2021 overført til Straumen Nett AS.

Styret og adm.dir er er frå same dato tilsett i Sykkylven Energi Holding AS.

Leiande personar har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.

Det er ikkje gitt lån eller stilt garantiar til administrerande direktør, styremedlemer eller andre nærstående partar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2021 utgjør kr 148 950.

I tillegg kjem bistand til årsoppgjer og annan bistand med kr 53 000.



Note 4 Pensjonskostnader - midlar og forpliktingar

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta tjenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei definert yting i høve til tariffavtalen i kommunal sektor. Iflg. aktuarberekning utgjer netto forpliktelse 31.12.2021 kr 1 007 813, som er bokført. Årets premie er bokført med kr 1 460 182 inkl. kostnader til AFP.

PENSJONSKOSTNADER	2021	2020
Noverdi av årets opptening	1 215 885	2 251 780
Rentekostnad	419 848	1 385 216
Brutto pensjonskostnad	1 635 733	3 636 996
Forventa avkastning	-608 411	-1 891 094
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	38 976	108 294
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	1 066 298	1 854 196
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	150 348	248 586
Resultatført actuarielt tap (gevinst)	243 536	212 932
Resultatført planendring	0	
Resultatført pensjonskostnad	1 460 182	2 315 714
Herav resultatført aga av actuarielt tap (gevinst)	30 095	26 313

PENSJONSFORPLIKTING	2021	2020
Brutto påløpt pensjonsforplikting	27 331 352	70 106 183
Pensjonsmidlar	24 547 671	56 746 735
Netto forplikting før arb.avgift	2 783 681	13 359 448
Arbeidsgjavaravgift	392 499	1 883 682
Netto forplikting inkl. aga	3 176 180	15 243 130
Ikkje resultatført actuarielt gevinst (tap) ekskl.aga	-1 900 412	-10 577 487
Ikkje resultatført actuarielt gevinst (tap) aga	-267 958	-1 491 425
Ikkje resultatførte planendringar	0	
Balanseført nto forpl./ (midlar) etter aga	1 007 813	3 174 218
Herav balanseført aga	124 541	392 257

AVSTEMMING	2021	2020
Balanseført nto forplikting/(midlar) UB i fjor	3 174 218	3 035 004
Overdraging av forpliktelse ved konserndanning 01.01.2021.	-2 104 440	
Resultatført pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	1 460 182	2 315 714
Aga innbetalt premie/tilskot	-188 101	-257 695
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	-1 334 049	-1 918 804
Ført mot egenkapital		
Ført mot egenkapital aga		
Balanseført nto forplikting/(midlar) UB i år	1 007 813	3 174 218

MEDLEMSSTATUS	01.01.2022	01.01.2021	01.01.2020
Tal på aktive	9	22	21
Tal på oppsatte	9	15	15
Tal på pensjonar	5	22	20
Gjennomsnitts pensjonsgrunnlag, aktive	616 714	623 403	632 568
Gjennomsnitts alder, aktive	55,13	51,38	54,78
Gjennomsnitts tenestetid, aktive	23,39	18,96	21,00

FØRESETNADAR	31.12.2021	31.12.2020
Diskonteringsrente	1,90 %	1,70 %
Lønsvekst	2,75 %	2,25 %
G-regulering	2,50 %	2,00 %
Pensjonsregulering	1,73 %	1,24 %
Forventa avkastning	3,70 %	3,10 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringstid	7	7
Korridorstorleik	10,00 %	10,00 %



Note 5 Varige driftsmidler

Tal per 01.01.2021 synar driftsmidler etter justering for fisjon av nettverksemda.

Varige driftsmidler	Kostpris/01.01.21	Avgang/utranøring	Kostpris/31.12.21	Avskrivninger/01.01.21	Avgang/utranøring	Avskrivninger/31.12.21	Akkumulerte avskrivninger/31.12.21	Balansført verdi/31.12.21
Inventar, verkøyt og ecb	13 541 447	669 597	3 635 564	12 912 132	9 816 330	123 386	3 219 188	416 375
Transportmidlar	1 836 094	1 836 094	1 836 094	1 190 294		208 161	1 398 455	437 639
Samband, anna	1 889 866		1 889 866	1 812 466		13 440	1 825 905	63 960
Bygg								
Tomter	129 912		129 912					129 912
Sum	17 397 319	669 597	7 491 435	15 914 892	9 816 330	344 987	6 443 549	1 047 887
Kraftstasjonar	118 043 256	1 615 505	119 658 761	45 315 256		2 592 314	47 897 571	71 761 190
Fibernet	68 990 251	13 228 804	81 619 055	15 240 251		3 559 065	18 799 316	62 819 739
Vatn	23 679 558	872 741	24 552 300	3 138 558		808 035	3 946 593	20 605 707
Avløp	42 837 478	7 457 118	50 294 596	5 431 478		1 647 942	7 079 419	43 215 177
Veglys	11 661 901	732 741	12 394 642	7 698 901		362 642	8 061 543	4 333 098
Renovasjon	2 102 812	2 102 812		2 102 812				
Anlegg under arbeid	14 986 385	4 322 925	19 309 310					19 309 310
Sum varige driftsmidler	299 098 960	28 899 430	315 320 099	94 842 147	11 919 142	9 304 986	92 227 991	223 092 107

Økonomisk levetid

Økonomisk levetid	Avskrivningsplan
Inventar, verkøyt og ecb	Inntil 5 år
Transportmidlar	Inntil 13 år
Samband, anna	Inntil 10 år
Bygg	Inntil 50 år
Tomter	Avskrivast ikkje
Kraftstasjonar	Inntil 67 år
Fibernet	Inntil 20 år
Vatn	Inntil 40 år
Avløp	Inntil 40 år

Varige driftsmidler fordelt pr. forretningsområde	Produksjon	Vatn	Avløp	Renovasjon	Fiber	Øvrig	Balansført verdi/31.12.21
Inventar, verkøyt og ecb	49 170	136 618	95 533		135 055		416 375
Transportmidlar	168 205	243 752			25 683		437 639
Samband, anna	30 192	19 566	14 202				63 960
Bygg							
Tomter	129 912						129 912
Sum	377 479	399 935	109 735		160 737		1 047 887
Kraftstasjonar	71 761 190						71 761 190
Fibernet				62 819 739			62 819 739
Vatn		20 605 707					20 605 707
Avløp			43 215 177				43 215 177
Veglys						4 333 098	4 333 098
Renovasjon							
Anlegg under arbeid		3 154 389	16 154 921				19 309 310
Sum varige driftsmidler	72 138 670	24 160 031	59 479 833		62 980 476	4 333 098	223 092 107



Note 6 Langsiktige lån

	Beløp	Bokført verdi	Rente	Løpetid	Forfall
Lån Sykkylven Energi Holding AS	101 526 620	101 526 620	3 mndr NIBOR + margin	36 mnd	01.07.2024

Sykkylven Energi har inngått avtale om konsernfinansiering, der all bankgjeld er samla i konserntopp Sykkylven Energi Holding AS. Interne lån vert renteberekna og har same nedbetalingstid som konsernet sine eksterne låneopptak. Sykkylven Energi har stilt sikkerheit for morselskapet sine eksterne låneopptak.

Bokført verdi av egedelar stilt som sikkerheit:	2021
Tomter, bygg o.a. fast eigedom	202 695 851
Transportmidlar, inventar og maskinar	1 086 945
Fordringar	9 051 602
Totalt	212 834 398



Note 7 Skatt

Årets skattekostnad	2021	2020
Betalbar skatt årets resultat	2 042 296	1 022 581
Endring i utsett skatt/utsett skattefordel	462 993	(31 420)
Skattekostnad ordinært resultat	2 505 289	991 161

Betalbar skatt i årets skattekostnad

Ordinært resultat før skatt	11 880 327	4 383 701
Permanente skilnader	(492 646)	121 575
Endring i mellombelse skilnader	-2 104 519	142 821
Avsett konsernbidrag	-5 130 000	
Skattepliktig inntekt	4 153 162	4 648 096

Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt på årets resultat	2 042 296	1 022 581
Betalbar skatt på avsett konsernbidrag	-1 128 600	
Sum betalbar skatt i balansen	913 696	1 022 581

Beregning av effektiv skattesats

Resultat før skatt	11 880 327	4 383 701
Beregna skatt av resultat før skatt	2 613 672	964 414
Skatteeffekt av permanente skilnader	(108 382)	26 747
Sum	2 505 290	991 161
Effektiv skattesats	21,1 %	22,6 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader og underskot til framføring som har vore årsak til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader.

	2021	2020	Endring
Varige driftsmidlar	412 117	-1 563 422	-1 975 539
Fordringar	-70 000	-3 990	66 010
Gevinst og tapskonto	31 589	39 487	7 898
Pensjonspremie/forplikting	-1 007 813	-1 282 702	-274 889
Andre skilnader	-1 057 000	-985 000	72 000
Sum	-1 691 106	-3 795 626	-2 104 519
Grunnlag for beregning av utsett skatt	-1 691 106	-3 795 626	-2 104 519
Utsett skattefordel (22%)	-372 044	-835 038	-462 993

Tabellen for mellombelse skilnader viser samanlikningstal frå 2020, justert for fisjonen av Straumen Nett AS. Nettoeffekt utfisjonert utsatt skattefordel 4 383 417 kr, som gir samla utsatt skattefordel i 2020 på kr 5 218 454.



Note 8 Dotterselskap, tilknytte selskap m.m

Dotterselskap	Tal aksjar	Pålydande	Balanseført verdi	Kontor	Ervervet	Eier/røyste andel
Sykkylven Miljøpark AS	1 200	1 000	1 327 002	Sykkylven	2004 og 2011	100 %

Det er ikkje utarbeidd konsemrekneskap, då tala frå Sykkylven Miljøpark AS ikkje har vesentleg betydning for å bedømme konsernet sitt resultat og stilling.

Tal frå Sykkylven Miljøpark AS sitt rekneskap :

Resultattal	2021	2020
Omsetning	913 084	969 248
Årsresultat	144 019	130 230
Balansetal		
Bygg	2 261 424	2 562 500
Eigedelar totalt	3 063 869	3 652 737
Sum eigenkapital	1 473 235	1 329 217

Note 9 Aksjer og delar i andre føretak

Selskap	Aksjekapital	Tal aksjar	Pålydande	Balanseverdi 31.12.2020
James Industripark AS		122	1 000	124 550

Aksjer i Elsikkerhet Møre AS er overført Straumen Nett 01.01.2021, som ein del av fisjonen frå Sykkylven Energi AS.



Note 10 Transaksjonar med nærstående partar og mellomverande med selskap i same konsern.

Oversikt nærstående partar og andre konserntilknytningar

Nærstående part	Tilknytning	Eigardel
Sykkylven Energi Holding AS	Morselskap	100 %
Straumen Nett AS	Søsterselskap	
Sykkylven Miljøpark AS	Datterselskap	100 %

Transaksjonar med nærstående partar

Selskapet har gjennomført fleire ulike transaksjonar med nærstående partar. Alle transaksjonane er gjennomført som ein del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar.

Selskapet sine transaksjonar med nærstående parter:	2021	2020
Sal av varer og tenester	107 474	0
Sal av driftsmidlar ved omorganisering 01.01.2021	759 151	0
Kjøp av varer og tenester konsern	4 853 898	0

Mellomverande med selskap i same konsern :

	2021	2020
Kundefordringer	1 087 756	-
Andre fordringer	54 861	40 570
Sum fordringer	1 142 617	40 570
Langsiktig gjeld konsern	101 526 620	
Sum langsiktig gjeld	101 526 620	-
Leverandørgjeld	2 782 343	-
Avsett utbytte		6 500 000
Konserngjeld	5 130 000	
Annan kortsiktig gjeld	727 912	
Sum kortsiktig gjeld	8 640 255	6 500 000



Note 11 Behaldning elsertifikat

Elsertifikater er ei støtteordning for utbygging av fornybar energi. Kraftprodusentar som bygg ut ny fornybar kraftproduksjon får tildelt elsertifikat. Ordninga omtalast i mange samanhengar som "grøne sertifikat"

Elsertifikatorordninga er ei markedsbasert støtteordning, og prisen på elsertifikat vert fastsett av tilbod og etterspørsel i elsertifikatmarknaden.

NVE er ansvarleg for å forvalte og føre tilsyn med elsertifikatorordninga.

Sykkylven Energi AS får tildelt elsertifikat tilsvarande 22,1 % av produksjonen på Riksheim kraftstasjon.

Elsertifikat:	2021	2020
Behaldning elsertifikat 1.1.	13 049	6 209
Tilgang	5 044	6 840
Avgang		
Behaldning elsertifikat 31.12.	18 093	13 049
Verdi behaldning 31.12.2021	24 103	31 579



Note 12 Bankinnskot og kassakreditt

Bankinnskot og kontanter kr 870 590
Av bankinnskot er kr 662 000 bunde til skuldig skattetrekk.

Konsernet har inngått avtale om konsernfinansiering, med felles ramme for kassakreditt.
Konsernet si samla grense for kassakreditt er på kr 10 000 000.
Per 31.12.2021 har Sykkylven Energi trekt kr 7 646 317 av denne ramma.

Note 13 Eigenkapital, aksjekapital og aksjonærer

	Aksje- kapital	Overkurs	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr 31.12.2019	19 800 000	47 035 853	63 356 434	130 192 288
Resultat i året			3 392 540	3 392 540
Avsett til utbytte			-6 500 000	-6 500 000
Eigenkapital pr 31.12.2020	19 800 000	47 035 853	60 248 974	127 084 828
Fisjon Straumen Nett 01.01.2021	-3 040 158	-7 222 074	-31 993 150	-42 255 382
Resultat i året			9 375 038	9 375 038
Avsett til konsernbidrag			-4 001 400	-4 001 400
Eigenkapital pr 31.12.2021	16 759 842	39 813 779	33 629 461	90 203 084

Aksjekapitalen er sammansett av:

	Antall	Pålydande	Balansført
Aksjar	33	507 874	16 759 842

Selskapet har berre ei aksjeklasse og er 100 % eigd av Sykkylven Energi Holding AS.
Dagleg leiar, medlemmer av styret eller andre eig ikkje aksjar i selskapet.



Note 14 VAR- sjølvkostfond

Fondsmidler	Saldo 1.1.2021	Årets endring	Saldo 31.12.21
Vatn	1 853 506	-1 149 934	703 572
Avløp	-776 644	-784 472	-1 561 116
Renovasjon	2 398 895	-259 384	2 139 510
Sum	3 475 757	-2 193 790	1 281 967

Mindreinntekt oppstår når selskapet har henta inn mindre inntekter enn kva reglane seier. Beløpet vert då sett av i eit negativt fond (eller reduserer eit positivt fond) og vert handsama som ei fordring i vårt rekneskap. Beløpet vert henta inn frå kundane på eit seinare tidspunkt.

Meirinntekt oppstår når selskapet har henta inn meir inntekter frå kundane enn kva reglane seier. Beløpet vert sett av i eit positivt fond (eller reduserer eit negativt fond) og vert rapportert som gjeld i vårt rekneskap. Beløpet vil då bli tilbakeført kundane på eit seinare tidspunkt.

Denne forma for periodisering sikrar at eigedomsgebyra vert meir stabile og kundane unngår at kostnadene svingar unormalt frå det eine året til det andre. Både positive og negative fond vert renterekna, i 2021 er renteinntekt på fonda kr 46.455.

Fond Årim

Sykkylven kommune sin del av Årim sitt utjamningsfond for renovasjon er per 31.12.21 kr 921 736.
Før slam er utjamningsfondet per 31.12.21 kr 864 419.

Årim sitt utjamningsfond vert fordelt pr kommune basert på ein del av den totale basiskostnaden i ÅRIM. Basiskostnaden er talet på registrerte anlegg * basispris for tømning frå Årim. Basispris er pris utan forbrenning, henteavstand og andre tilleggstenester.



KONTANTSTRAUMANALYSE

KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	2 021	2 020
Ordinært resultat før skattekostnad	11 880 327	4 383 701
Betalt skatt i perioden	-1 022 581	-4 185 610
Avskrivningar	9 305 479	14 347 455
Endring i varelager	163 566	-413 879
Endring i kundefordringer	10 561 394	1 953 972
Endring i leverandørgjeld	406 633	-1 902 580
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn/ubet. i pensjonsordninger	-274 889	139 214
Tap/vinst ved sal av anleggsmidler	-	-594
Endring fond	-2 193 790	2 008 103
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-7 975 128	282 640
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	20 851 010	16 612 422
KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR		
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-28 663 318	-39 498 794
Utbetalinger ved kjøp av aksjar og andeler i andre foretak		-27 677
Innbetalinger ved sal av varige driftsmidler	759 151	380 596
Innbetalinger ved sal av aksjar og andeler i andre foretak		90 000
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-27 904 167	-39 055 875
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR		
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	101 526 620	30 000 000
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-84 835 000	-5 156 000
Netto endring kassekreditt	-3 594 774	4 646 089
Innbetalinger av egenkapital		-
Utbetalinger av utbytte	-6 500 000	-7 000 000
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	6 596 846	22 490 089
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-456 311	46 638
Behaldning av kontantar og - kontantekvivalentar 01.01.	1 326 901	1 280 264
Behaldning av kontantar og - kontantekvivalentar 31.12.	870 590	1 326 901
Endring behaldning av kontantar og kontantekvivalentar	-456 311	46 638

Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige likvide plasseringar.